



MATHILDE med fast stopp i Uskedalen

Hardangerjakta MATHILDE går kvar vår og haust i leirskulefarten. Seglskuta har fast stopp på Skorpo, men også på Sandakaien i Uskedalen. Vi har snakka med skipper, Audun Apelesth, Sjølv er han eigar av eit anna farty, seglskuta VÅGEN. Han brukar fast slippen på Skorpo til den vanlege vårpussen.

Sist veke mønstra 7. klasse frå Leveld skule i Ål kommune på i Norheimsund og var med rundt i Sunnhordlandsbassenget. Elevane må ta del i vanlege rutinar på eit seglfarty,- utkikk, stå til rors, lesa kartet og ta ut kursen, setja segl, rydda i alt tauverket og indreteneste som vask og matlaging. Dei som ynskjer det og er trygge, kan gå i riggen. Alle er sikra med sele. Frå Uskedalen gjekk turen vidare gjennom Lukksund til Solstråleøya ved Tysnes.



Lettbåten på MATHILDE er identisk med den som var på Sandajekto SEGNY.

Audun Apleseth fortel at det er minkande interesse for å bruka MATHILDE til leirskular. Det har truleg samanheng med kravet om at foreldra ikkje skal betala lenger for slike tenester. Til for nokre år sidan vart skuta brukt minst 7 veker kvar vår og haust til leirskuleoppdrag. No er det langt mindre etterspurnad, noko som er uheldig for drifta av MATHILDE og det gode tilbodet dei har.

I september månad er oppdraget dagsturar med skular i Hardanger. Etter det går turen til Sogn og Fjordane på museumstokt med program og formidling av verdfull kystkultur.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal